

## **Styremøte i Mental Helse, Hordaland 24.5. 2022**

Nettmøte.

Deltakarar: Henrik Skaalvik, Vidar Eik, Per Oddvar Særsten, Vibeke Hellesund, Tone Raknes og Sjur Tjelmeland.

Det har vore mistyding på eit tidlegare møte om søknad om tildeling av velferdsmidlar. Fylkesstyret har hatt ei oppfatning av at eit par lag har søkt pengar på eiga hand. Vibeke finn ut av det.

Saklista

1. Innkalling og referat frå førre møte vart godkjende.
2. Økonomi.

Fylkesleiar Vibeke har søkt Helsedirektoratet om pengar til pårørandekonferansen som laget skal ha i Bergen i haust. Fylkeslaget er tildelt 260.000 kroner i tilskot. Til saman er det då 380.000 kroner til disposisjon.

Kasserar Per Oddvar opplyste at det er oversendt 130.000 kroner frå Helsedirektoratet til fylkeslaget, altså halve tilskotssummen er alt utbetalt. Laget har per dags dato 687.617 kroner på konto.

3. Møte med landsleiar Jill Arild og landsstyremedlem Haakon Steen.

Frå fylkeslaget deltok Vibeke, Henrik og Tone. Det var eit positivt møte. Det var einighet om at fylkesstyret ikkje har noko med striden omkring eksklusjonen av to medlemer å gjera.

Fylkesstyret er ikkje rette vedkomande å venda seg til for dei som vil protestera mot avgjerda.

Dei involverte på andre sida var inviterte til møtet, men dei kom ikkje. Ein av dei som har ytra seg i sterke ordelag overfor fylkesleiaren, har i ettertid i telefonsamtale sagt at han har uttala seg som privatperson, ikkje på vegner av lokallaget eller valnemnda.

Utsendingane frå landsstyret ville prøva å få kontakt med medlemer i Bergen og forklara dei om kven dei må venda seg til i slike saker.

Det er beklageleg at dei ikkje ville møta opp og forklara kva dei har meint.

Elles vart det avklara at Jill Arild skal leia årsmøtet i Mental Helse Hordaland i år. Møtet vert etter alt å døma i august. Fylkeslaget må senda ein formell søknad om utsetjing av årsmøtet.

Samanslåinga med Sogn og Fjordane vart diskutert. Denne saka skal opp i sentralstyret 10.6.

### **4. Regionsamling**

Vibeke har hatt møte med organisasjonssekretær Eirik Fransson, fylkeslaga i Rogaland og i Sogn og Fjordane om regionsamling. Den skal vera i Bergen i september.

Temaet blir noko annleis enn på tidlegare samlingar. Denne gongen vil ein gå gjennom reglementet for landsmøtet; lovverk og politiske saker som Mental Helse bør engasjera seg i. Og ikkje minst Lov om Frivillighet. Samlinga skal i stor grad organiserast som gruppearbeid om konkrete saker og problemstillingar.

Dei tre fylkessлага som skal vera med, skal i hovudsak sjølve dekkja eigne utgifter til samlinga.

### **5. Medlemstur**

Styret drøfta idear til medlemstur komande haust. Blant ideane var tur til Flor og fjære utanfor Stavanger, helst i første halvdel av september. Sidan det er eit stykke reiseveg, er det rimeleg med tre overnattingar i Stavanger. Vibeke undersøkjer prisar m.m.

Andre idear var busstur innanlands med overnatting på hotell, besøk på vikinggarden på Avaldsnes på Karmøy, evt. tur utanlands.

Opplegget blir om lag som før, med bindande påmelding og førehandsbetalt eigenandel.

#### 6. Ymse

Henrik Skaalvik har delteke på ein konferanse om menn og sjølvord. Kirkens SOS var med, like eins ei gruppe av etterlatne etter sjølvord. I denne gruppa aktiviserer dei seg med uformell samtale og hobbyprega handverk.

To artistgrupper var og med; tidlegare rusmisbrukarar saman med ein musikkterapeut. Dei fortalte m.a. om organisasjonen Leve.

Det var eit nyttig møte.

Neste styremøte blir 28. juli kl. 18.00, gjennomgang av årsmøtet. Ved behov, kan det blir eit møte tidlegare.

Sjur Tjelmeland, ref.